



Vår dato:

04.07.2023

Vår ref:

2023/10730

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Modalen elveeigarlag

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Att.Linda Neset

## Løyve til fiske etter pukkellaks - Modalen elveeigarlag

**Modalen elveeigarlag får løyve til å fiske etter pukkellaks i Modalselva i Modalen kommune i 2023. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova, og på vilkår.**

Vi viser til søknad av 26. juni 2023.

### Bakgrunn

Hjå oss er det i hovudsak oddetalsgenerasjonen av pukkellaks som har slått til, og vi ventar difor pukkellaks opp i vassdrag i Vestland i år.

Ved observasjon av pukkellaks, søker laget om løyve til fiske med harpun og stang, frå Mo til Hellandsfoss.

### Rettsleg utgangspunkt

#### *Lakse- og innlandsfisklova*

Føremålet med lova er å sikre at stammer av laksefisk og andre ferskvassorganismar og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Når vi vurderer om det skal gjevest løyve til fiske av anadrom laksefisk, skjer det etter § 13 i lakse- og innlandsfisklova.

#### *Naturmangfaldlova*

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vår vurdering

Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 i naturmangfaldlova omfattar informasjon frå søker, erfaring frå tidlegare år, kunnskap om status til laks og sjøaure i vassdraget (lakseregisteret, VRL osv.). Det er ikkje opna for ordinært fiske i vassdraget. Laksestamma er vurdert til å ha særslig



gytebestandsoppnåing og haustbart overskot<sup>1</sup>, og er under reetablering med rogn fra genbank. Stamma av sjøaure er vurdert å ha moderat tilstand<sup>1</sup>.

Pukkellaks er ein framand uønskt art i Noreg, som potensielt kan påverke stammene av laks og sjøaure, og økosystema i vassdrag negativt. Overordna mål i Noreg er å fjerne så mykje pukkellaks som mogleg frå norske elvar<sup>2</sup>.

Føremålet med fisket er å ta ut pukkellaks, og fisket blir tilpassa deretter, med dei metodar som passar best for føremålet. Fiskarane som deltek i fisket, skal ha god kunnskap om rett handtering av fisk. Etter vårt syn skal ikkje fisket slik det er planlagt, føre til vesentleg endringar i vassdraget. Fisket skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, vi meiner difor § 11 i naturmangfaldlova ikkje er relevant i denne saka.

Miljødirektoratet har i år laga ein app for rapportering av pukkellaks fiska i uttaksfiske. Pukkellaks fiska i sesong skal rapporterast på fangstrapp.no. Miljødirektoratet vil ta kontakt med laget med informasjon om appen og brukar.

Status fangst av pukkellaks i uttaksfiske i Noreg finn de på denne sida:

<https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/datavisualisering/pukkellaks-uttak/>

Om laget har moglegheit til det, så ønskjer NINA i år prøver av pukkellaks, anten heil frosen pukkellaks eller hovudet nedfrosen, i tillegg til skjelprøve. De kan ta kontakt med NINA på [pukkellaks@nina.no](mailto:pukkellaks@nina.no) ved spørsmål.

## Vedtak

Med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova får Modalen elveeigarlag løyve til å organisere og gjennomføre utfiske av pukkellaks i Modalselva. Løyvet gjeld ut september 2023, og på følgjande vilkår:

1. Grunneigarar/fiskerettshavarar skal orienterast om fisket.
2. De kan fiske med harpun og stang.
3. Blir det fanga rømt fisk, skal denne avlivast.
4. Det skal takast skjelprøve av all fisk som vert fanga. Prøvane av pukkellaks skal sendast til NINA v/Gunnel Østborg, PB 5685 Torgarden, 7485 Trondheim. Resten skal sendast til Rådgivende Biologer AS, Edvard Griegs vei 3, 5039 Bergen.
5. Fangstreiskap og kvar i vassdraget fisken er tatt, skal noterast på skjelprøvekonvolutten. Treng de fleire skjelprøvekonvoluttar kan de ta kontakt med NINA på [pukkellaks@nina.no](mailto:pukkellaks@nina.no)
6. Fiskarar som deltek i fisket må ha gjennomført kurs/opplæring/ha kunnskap om korleis skilje artane/villfisk, og i rett handtering av fisk.
7. Fisket skal rapporterast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at fisket er avslutta. Bruk vedlagt skjema.
8. Pukkellaks fanga i uttaksfisket skal i tillegg rapporterast inn på app til Miljødirektoratet.
9. Ev. rømt fisk skal meldast til Fiskeridirektoratet på <https://www.fiskeridir.no/tips-oss>.
10. Løyvet skal vere med under fisket.

<sup>1</sup> Vitenskapelig råd for lakseforvaltning

<sup>2</sup> Forslag til handlingsplan mot pukkellaks. Rapport M-2003, 2021. Miljødirektoratet.



### Klagerett

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følgje.

Med helsing

Julie Marie Andersen  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1               fangstskjema utfiske

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
SNO v/Einar Vereide			